



Norddal kommune

Vedtekter for Kulturprisen

1. Føremålet med kulturprisen er å stimulere lag, grupper eller personer i arbeidet for utbreiing/utøving/organisering av ulike kulturaktivitetar i Norddal kommune.
2. Kulturprisen kan gjevast til einskildpersonar eller grupper av personar, til lag og organisasjonar som høyrer heime i Norddal kommune, og som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats. I tilfelle kulturarbeidet til vedkomande har kome eller kjem særleg denne kommunen til gode og elles fell inn under føresetnadene som er nemnde ovanfor, kan prisen delast ut til kandidatar som ikkje er busette i kommunen.

Kulturprisen kan ikkje gjevast til offentlege institusjonar eller landsomfattande organisasjonar som hovudsakleg finansierer arbeidet sitt ved offentlege midlar, heller ikkje til personar som er tilsett av det offentlege til å drive kulturarbeid eller kulturvern.

3. Kulturprisen skal annonserast gjennom lokalavisa og på kommunen si heimeside. Enkeltpersonar, organisasjonar og formannskapet kan kome med forslag på kandidatar. Kulturprisen blir delt ut annakvart år. Formannskapet avgjer om prisen skal delast ut, og kven som skal få.
4. Kulturprisen skal vere ei pengegåve på kr 8.000 i tillegg til eit diplom. Formannskapet har ansvar for utdelinga ved eit passende høve.
5. Det skal ikkje offentleggjerast kven som er kandidatar eller kva utfall avrøystinga mellom kandidatane fekk.

Vedteke i kommunestyret i sak 98/12